LINDÅS KOMMUNE
Nordhordland interkommunale legevakt

Fylkesmannen i Hordaland

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Schønberg, Kristin Cotta<br>Vår: 17/2347 - 18/14840 | Dag Jørgen Dybwad Brochmann<br>DagJorgen.Dybwad.Brochmann@lindas.kommune.no | 07.05.2018 |

# Svar på oppfølging etter tilsyn ved Nordhordland legevakt

Viser til brev frå dykk datert 23.02.2018 der de ber om å få tilsendt plan for samtrening, og utfyllande opplysningar om kva som inngår i Lindås kommune sitt heilskaplege styringssystem som vil bli implementert ved Nordhordland legevakt.

<u>Samtrening</u>
Det er etablert eit samhandlingsorgan med naudetatane i Nordhordland for å ivareta samtrening. Organet består av representantar frå Nordhordland Legevakt (NHLV), Ambulanse sone 2 og Lindås-Meland-Modalen Brann & Redning (LMMBR)
Agenda: «Møtepunkt for naudetatane i Nordhordland slik at NHLV kan delta på eksisterande treningar/samtreningar samt vere med på å vidareutvikla desse»
Første møte vart halde 05.04.18.

- Det er planlagt halvårlege møter: Neste møte 12.06.18. Politiet vil då verte invitert.
- Det er til no starta opp månadlege hjartestansøvingar med lege/sjukepleiarar frå NHLV samt ambulansepersonell frå Sone-2.

I 2018 har legar frå NHLV delteke på 2 øvingar i regi av Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)

<u>Heilskapleg styringssystem</u>
Lindås kommune nyttar KF kvalitetsstyring frå Kommuneforlaget som elektronisk verkty. Her vert alt frå overordna styringsdokument til innhald og rutinar for den enkelte teneste publisert. Oppdatert lovverk med delegasjon til organisasjonseiningane og avvikshantering er ein del av systemet. Oppdateringar og revisjonar kan handterast umiddelbart, slik at siste og oppdaterte versjon ligg tilgjengeleg for alle tilsette på kommunens intranett.
I det følgjande viser vi korleis systemet ser ut og kva det inneheldt. Det er ikkje muleg å gå djupt inn i alle emner, men har valgt ut nokre emner som ut frå vår vurdering er særleg relevant for det tilsynet etterspør.

*Fig.1 Kvalitetssystemet har fått namnet «Lindås kvalitet» og ligg tilgjengeleg for alle tilsette på kommunen sitt intranett.*




*Fig. 2 Startside Lindås kvalitet*



*Fig.3  Bilde på publisert dokument*




*Fig.4  Delegering i linja*



*Fig.5 Delegasjon til den enkelte oranisasjonseining, jf. Lovverk*




*Fig.6 Gjennomførande del - eksempel rutinar*



*Fig.7  Gjennomgåande verkty for avvikshandtering*







All avviksthandtering knytt til styring av organisasjonen Lindås kommune skal bruke dette avvikssystemet. Avvikshandteringa følgjer linjeorganisasjonen. Leiarar på alle nivå får ut oversikt og statistikkar for sine områder. Rådmannen har ein heilskapleg oversikt for organisasjonen. Dette er tema på eit leiarmøte kvar månad.

*Fig.8 Leiarverkty for avvikshandtering.*




*Fig.9 Oppbygging av systemet innan helse og omsorg – risikovurdering*




Risikovurdering er ein del av kontrollerande del og skal gjennomførast i samband med revisjon av rutinar kvart år og elles ved behov. I denne skal det takast omsyn til melde avvik, arbeidsprosessar, opplæring m.m.

Vi håpar at dette gav dykk eit bilete på kva det heilskaplege styringssystemet vårt inneheldt.

Ta gjerne kontakt om vi skal utdjupe nokre av emna meir. Tilsette ved Nordhordland legevakt har fått opplæring i bruk av avvikssystemet tidlegare, men opplæring i heile systemet Lindås kvalitet er ein del av opplæringsplanen framover og tema på personalmøta.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Ørjan Raknes Forthun<br>rådmann | Dag Jørgen Dybwad Brochmann<br>legevaktsjef |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Leni Dale
Terese Folgerø

**Mottakarar:**
Fylkesmannen i Hordaland